

Søkja, endra og seie opp SFO-plass

Visma FLYT Skole

Gå til nettadressa:

<https://skole.visma.com/klepp/Account/Login?returnUrl=%2Fklepp>

(Link til denne sida ligg og på heimesida til Engelsvoll skule, i kolonna på høgre side).

Logg på via MinID

I Visma FLYT Skole må du bruka ID-porten/MinID for å logga på. Velg fana "ID-porten" og klikk "Logg inn".

Dersom du brukar mobiltelefon eller nettbrett når du skal logga inn må du velga «Fullversjon av Visma Flyt Skole».

Der må du sjølv velga kva for ein måte du vil logga deg på.

Du kjenner det igjen frå nettbanken, Altinn o.l.



Søkja på, endra eller sei opp SFO-plass

Det fyrste du ser når du kjem inn er foreldreiletet. Her finn du ei oversikt over kva born du har på skulen og om det er meldingar som ventar.

The screenshot shows a web interface for a school. On the left, a sidebar menu labeled 'Demoskole' lists several names: Enhorn, Lene; Fredriksen, Tove; Flesland, Christin; Froslie, Johan Schultz; Frost, Joakim. The main area displays three student profiles:

- Christin Flesland 10a**: SFO opphold - 80%. Kontaktlærer: Anders Kåsa. E-post: anders.kasa@visma.no. SMS: [redacted]. Buttons: [Send melding](#), [Samtykker](#).
- Johan Schultz Froslie**: SFO opphold - Halv plass. Kontaktlærer: Ole Tom Eriksen. E-post: ole.tom.eriksen@vism... SMS: 19123 00290 0001. Buttons: [Si opp/endre plass](#), [Send melding](#), [Samtykker](#).
- Joakim Frost 2G1**: SFO opphold - 1/4 plass - kommune. Kontaktlærer: [redacted]. E-post: [redacted]. SMS: [redacted]. Buttons: [Meld på SFO](#), [Send melding](#), [Samtykker](#).

På elevkortet finn du teksten “Meld på SFO” hjå dei borna som kan søkja om SFO-plass. Viss bornet har SFO-plass vil det stå informasjon om kva plass de har o.l. og du kan og velga “Sei opp / endre plass”.

Klikk på “Meld på SFO” eller “Sei opp/endre plass” for å gå vidare.

“Meld på SFO”

The screenshot shows the 'Meld på SFO' form in the school management system. The interface includes a header with the 'VISMA' logo, 'Grunnskole', and 'Mine barn' tabs. The main content area is titled 'Meldinger' and contains the following fields and options:

- Radio buttons for SFO and Fakturering.
- * Startdato SFO: [calendar icon]
- * SFO opphold: [dropdown menu]
- Kommentar fra foresatte: [text area]
- Sensitive opplysninger må oversendes via post.
- Totalt kr. 0
- [Send] button

Når de søker om SFO-plass må du trykka «nytt opphold», og leggja inn “Startdato for SFO” når de ynskjer at bornet skal byrja på SFO. *Dersom de har born som skal byrja i 1. trinn til hausten kan de velja startdato anten 1. august eller skulestart som er 20. august.*

OBS! Fristen for å søkja SFO-plass for hausten er 1. mars. Dersom de søker etter denne datoen, kan de måtte venta på plass til etter skulen har byrja.

De må og velje "SFO opphald", Engelsvoll skule har desse tilboda:

Skuleåret 2024 - 2025

Frå skuleåret 2024-2025 er prisane for opphald på SFO inklusiv morgontilbod. Frå same tidspunkt vil 3. trinn vere del av den nasjonale ordninga om 12 timar gratis kjernetid i SFO.

Tilbod inklusiv morgontilbod	1. - 3. trinn frå 01.08.24**	4. trinn frå 01.08.24
5 dagar pr veke	kr. 1.495,-	kr. 3.740,-
4 dagar pr veke	kr. 810,-	kr. 3.235,-
3 dagar pr veke	gratis	kr. 2.715,-
2 dagar pr veke	gratis	kr. 2.190,-
Matpengar 5 dagar pr veke	kr. 270,-	kr. 270,-
Matpengar 4 dagar pr veke	kr. 220,-	kr. 220,-
Matpengar 3 dagar pr veke	kr. 165,-	kr. 165,-
Matpengar 2 dagar pr veke	kr. 120,-	kr. 120,-

***) Det er innført ei nasjonal ordning om gratis kjernetid i SFO (12timar/veke) for elevar i 1.trinn frå august 2022, for 2.trinn frå august 2023 og for 3.trinn frå august 2024.

Ein betalar for SFO-plass i elleve like terminar i løpet av eit skuleår, august - juni.

Juli er betalingsfri.

Skuleåret 2025 - 2026

1. - 3. trinn er del av den nasjonale ordninga om 12 timar gratis kjernetid i SFO.

Tilbod inklusiv morgontilbod	1. - 3. trinn frå 01.08.25**	4. trinn frå 01.08.25
5 dagar pr veke	kr. 1.560,-	kr. 3.890,-
4 dagar pr veke	kr. 845,-	kr. 3.365,-
3 dagar pr veke	gratis	kr. 2.825,-
2 dagar pr veke	gratis	kr. 2.280,-
Matpengar 5 dagar pr veke	kr. 285,-	kr. 285,-
Matpengar 4 dagar pr veke	kr. 230,-	kr. 230,-
Matpengar 3 dagar pr veke	kr. 175,-	kr. 175,-
Matpengar 2 dagar pr veke	kr. 125,-	kr. 125,-

***) Det er innført ei nasjonal ordning om gratis kjernetid i SFO (12timar/veke) for elevar i 1.trinn frå august 2022, for 2.trinn frå august 2023 og for 3.trinn frå august 2024.

Ein betalar for SFO-plass i elleve like terminar i løpet av eit skuleår, august - juni.

Juli er betalingsfri.

“Seie opp/endra plass”

Du blir frakta til SFO-biletet til det aktuelle bornet. Trykk på “Sei opp plass” eller “Endre opphald” og fyll ut nødvendig informasjon systemet spør etter.

Når alt er ferdig trykkjer du på knappen “Send” nede til høgre. Søknaden blir sendt vidare i systemet og de får melding om at søknaden er til behandling via SMS/epost (dersom de har registrert SMS/epost i Visma FLYT Skole). Du mottek ein ny e-post/SMS når søknaden er ferdig behandla.

For spørsmål ta kontakt med Engelsvoll skule på telefon 51 78 65 00, eller på mail til engelsvoll.skule@klepp.kommune.no.